Ved utbyggingar med 50 einingar eller meir, der det er berre eit tilkoplingspunkt på kommunalt nett, og utbyggar betalar anleggstilskot som dekker alle kostnader kommunen har med tilkoplinga, kan det vurderast å ikkje ta tilkoplingsgebyr.

Alle prisar er utan MVA.

#### ***Forfallsdatoar for kommunale gebyr***

Hovudforfall er 20. mars og 20. september. Abonnten kan dele opp i maksimalt 6 terminar, etter avtale.

#### **Gebyr renovasjon 2024**

Heimel i Lov om vern mot forureining og om avfall av 13.03.1981 (forureiningslova)

K-sak 161/23

Bustadar	
Renovasjon dunk (140 l)	Kr 4 690
Renovasjon dunk (140 l) med godkjent kompostering	Kr 4 060
Renovasjon dunk stor (240 l)	Kr 7 030
Renovasjon dunk (240 l) med godkjent kompostering	Kr 5 980
Lengre henteavstand (meir enn 5 meter)	Kr 500
Renovasjon konteinar	Kr 3 430
Renovasjon konteinar med godkjent kompostering	Kr 2 920

Hytter og støler	
Renovasjon hytte/støl – (konteinar)	Kr 2 750

Alle prisar er utan MVA

## Gebyr slam 2024

Heimel i forskrift om tømming av avløpsanlegg inkludert tette tankar og bestemningar om betaling av gebyr, fastsett av Ål kommunestyre 31. august 2017 (K-sak 42/17) med heimel i Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13.03.1981 nr. 6 (forureiningslova) § 26, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85.

K-sak 8/24

<i>Pris - eller gebyr-tekst</i>	<i>Pris ekskl. mva. *)</i>
Fastledd slamanlegg (årleg). Gjeld ikkje minireinseanlegg og store anlegg	90
Fastledd minireinseanlegg (årleg)	140
Fastledd store anlegg (§13) (årleg)	280
Rensegebyr, pris per m <sup>3</sup>	210
Tømmegebyr kr/per m <sup>3</sup> for §12 anlegg slamavskillarar/ tette tankar/ minireinseanlegg/ o.l (ut frå tømt volum)	200
Tømmegebyr kr/per m <sup>3</sup> for §13 anlegg (store anlegg, ut frå tømt volum).	160
Oppmøtegebyr (tillegg til tømmegebyr). Gjeld dei anlegga som ikkje ligg inne på ordinær tømning	1070
Oppmøtegebyr tette tankar og slamavskiljarar	370
Oppmøtegebyr minireinseanlegg	460
Oppmøtegebyr ved ekstratømningar og tømning utanom rute	690
Oppmøtegebyr ved nødtømningar	2760

Traktor- /spesialbiltømming/ liten bil (tillegg til andre gebyr)	1040
Tillegg for tømming utafor arbeidstid (16:00-07:00 på kvardag og heile helg- og heilag dagar). Pris per time	810

Alle prisar er utan MVA.

## Gebyr feiing 2024

Heimel i § 28 i lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker av 01.07.2002 (Brann- og eksplosjonslova) og § 7.5 i Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn gjeldande frå 01.07.2002 og sist endra 01.10.2015.

K-sak 19/24

Gebyrtype	Vekt mot gebyr for årlig tilsyn	Gebyr
Sats tilsyn - 1 bolig	1,00	kr 1 367
Sats tilsyn - 2 bolig	0,50	kr 684
Sats tilsyn - 4 bolig	0,25	kr 342
Sats tilsyn - 6 bolig	0,17	kr 228
Sats tilsyn - 8 bolig	0,13	kr 171
Sats feiing - 1 bolig	0,41	kr 560
Sats feiing - 2 bolig	0,20	kr 280
Sats feiing - 4 bolig	0,10	kr 140
Sats feiing - 6 bolig	0,07	kr 93
Sats feiing - 8 bolig	0,05	kr 70
Sats tilsyn - 1 fritid	1,16	kr 1 590
Sats tilsyn - 2 fritid	0,58	kr 795
Sats tilsyn - 4 fritid	0,29	kr 398
Sats tilsyn - 6 fritid	0,19	kr 265
Sats tilsyn - 8 fritid	0,15	kr 199
Sats feiing - 1 fritid	0,41	kr 560
Sats feiing - 2 fritid	0,20	kr 280
Sats feiing - 4 fritid	0,10	kr 140
Sats feiing - 6 fritid	0,07	kr 93
Sats feiing - 8 fritid	0,05	kr 70
Sats normalgebyr bolig - feiing og tilsyn hvert 8. år	0,18	kr 241
Sats normalgebyr fritid - feiing og tilsyn hvert 8. år	0,32	kr 269

## Avdeling veg- og park

### Pris for kommunal brøyting med vidare private område

K-sak 49/20 (like satsar for 2021, 2022, 2023 og 2024)

Snørydding av private areal i sentrum	kr 50 per m <sup>2</sup>
Snørydding der private areal er ein del av samanhengande gangtrasé i sentrum	kr 25 per m <sup>2</sup>
Tillegg for kosting/feiing	kr 10,50 per m <sup>2</sup>

Det vart rekna 25% MVA i tillegg.

## Utviklingsavdeling

### Pris på bustadtomter i kommunale felt

K-sak 85/21 (uendra sidan 2016)

Sundre-området *	Tekniske anlegg	kr 200 000 per tomt
« tillegg pr m <sup>2</sup>		kr 40 per m <sup>2</sup>
Kolbotnfeltet (byggesteg I) *	Tekniske anlegg	kr 270 000 per tomt
« tillegg pr m <sup>2</sup>		Kr 40 per m <sup>2</sup>
Torpo-området *	Tekniske anlegg	kr 185 000 per tomt
« tillegg pr m <sup>2</sup>		kr 40 per m <sup>2</sup>
Leveld pr tomt uavhengig av storleik på tomta	Tekniske anlegg	kr 300 000 per tomt
Votndalen *	Tekniske anlegg	kr 155 000 per tomt
« tillegg per m <sup>2</sup>		kr 40 per m <sup>2</sup>

(\*) Dette gjeld tomter opparbeidd før 2013. For nye område gjeld egne differensierte prisar.

**For alle tomter kjem dette i tillegg**

Tillegg for elektrisk anlegg i jordkabel per tomt	kr 8 000
Anleggstilskot straum	kr 40 000
Tilkopling vatn	
Tilkopling kloakk	
Oppmåling	

I tillegg kjem tinglysingsutgifter.

**Pris ved sal av kommunale industri- og forretningstomter****K-sak 83/19**

Næringsareal	Vert fastsett i kvar einskild sak
--------------	--------------------------------------

**Fallvilt****K-sak 85/21 (uendra sidan 2016)**

Kilopris ved sal av kjøtt av fallvilt er kr 50 pr. kg eks. mva.

**Konsesjons- og delingssaker etter jordlova**

Fastsett i medhald av forskrift om gebyrsatsar for behandling av konsesjons- og delingssaker fastsett av Statens landbruksforvaltning 14. desember 2011

Konsesjonssaker, enkle/kurante saker	kr 2 000
Konsesjonssaker, andre	kr 5 000
Delingssaker etter jordlova § 12	kr 2 000

Det skal ikkje betalast gebyr når odelsberettiga søker konsesjon fordi dei ikkje skal oppfylle lovbestemt buplikt. Det same gjeld når kommunen sjølv er søker.



## **Forskrift om gebyr for tenester etter plan- og bygningslova i Ål kommune**

Gebyra er vedteke av kommunestyret 23.06.2010 med heimel i § 33-1 i Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr. 71 (plan og bygningslova), og sist justert i k-sak 101/22

### ***1 Generelle reglar***

#### **1.1 Betalingsplikt**

Alle som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr etter satsar og retningsliner som framgår av regulativet. Gebyrkravet vert retta mot tiltakshavar dersom vedkomande står som bestiller og elles mot rekvirent. Saksgebyr etter plan- og bygningslova skal betalast sjølv om søknaden skulle bli avslått.

#### **1.2 Kva regulativ skal brukast**

Gebyra skal utreknast etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottok ei tilfredsstillande melding, søknad, eit komplett planframlegg, eller den dato kommunen gir pålegg i ei sak om ulovlege byggearbeid/tiltak etter plan- og bygningslova.

#### **1.3 Betalingstidspunkt**

Alle gebyr skal betalast til kommunen etter faktura. Betalingsfristen er 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente fastsett av kommunestyret i samsvar med årsbudsjettet.

Byggesaksgebyr skal vere betalt innan det gis igangsetjingsløyve eller rammeløyve. Gebyr for delingssaker og dispensasjonssaker skal vere betalt før saka blir igangsett. Gebyr for planar, konsekvensutgreiingar og planendringar skal vere betalt før 1. gongs handsaming i det faste utvalet for plansaker. Gebyret per godkjent ny tomt i samsvar med stadfesta reguleringsplan skal betalast etter at planen er godkjent i kommunestyret.

#### **1.4 Urimeleg gebyr**

Kommunestyret delegerer til rådmannen å fastsette gebyret i den einsskilde sak på grunnlag av dette regulativet. Rådmannen kan fråfalle gebyr i kurante småsaker, eller redusere gebyret når det verkar urimeleg i høve til det arbeid saka medfører. Dersom ein kunde av forskjellige årsaker har betalt for mykje gebyr, skal kommunen så snart tilhøvet

er klarlagt attendebetale for mykje betalt gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg av for mykje betalt gebyr.

### **1.5 Klage**

Det er ikkje høve til å klage på kommunestyrets vedtak om gebyrregulativ, berre på einskildvedtak gjort i medhald av regulativet. Ved klage skal forvaltningslovas regelverk følgjast. Fylkesmannen er klageinstans.

### **1.6 Fritak for gebyr**

Bygg- og anleggstiltak i regi av religiøse eller humanitære organisasjonar som vesentleg vert finansiert via innsamla midlar eller dugnadsinnsats. Fritak for gebyr etter dette punkt skal handsamast av Sektorutval for teknisk, næring og ressurs.

### **1.7 Avbrote arbeid**

Når ein tiltakshavar/rekvirent trekker søknad eller på anna måte forårsakar at kommunens arbeid må avbrytast eller avsluttast før det er fullført, skal det betalast ein andel av tilhøyrande gebyr tilsvarande det kommunen har utført eller må utføre.

### **1.8 Udekka krav**

Dersom utviklingsavdelinga har ei forfalt fordring overfor ein søkjar, skal ein eventuelt ny søknad ikkje handsamast før det udekte kravet er betalt eller det er stilt sikkerheit for kravet.

### **1.9 Endring av regulativet eller gebyrsatsane**

Endringar av gebyrregulativet vert normalt vedteke i samband med kommunestyrets behandling av budsjettet for komande år.

### **1.10 Betaling etter medgått tid**

For tenester som kommunen kan krevja betaling for i medhald av plan- og bygningslova og delingslova, og som ikkje er spesifisert i regulativet, kan kommunen krevja gebyr på basis av medgått tid.

## 1.11 Ulovligheitsoppfølging

Føretak kan ileggas overtredelsesgebyr inntil angitt beløpsgrenser jf. § 32-8 overtredelsesgebyr og §§ 16-1 og 16-2 i byggesaksforskrifta.

## 2 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)

### 2.1 Ein søknad etter pbl. § 20-1 omfattar

- Førehandskonferanse
- Kartgrunnlag
- Nabooversikt
- Samarbeid med andre styresmakter
- Tilsyn i utvalde saker
- Rammeløyve
- Igangsetjingsløyve, (sjå punkt 2.3)
- Utarbeiding av ferdigattest
- Registrering på kart og i matrikkelen

### 2.2 Tiltak som krev søknad og løyve i medhald av plan- og bygningslova § 20-1

Nr	§ i plan- og bygningslova §20-1	Eitt-trinns- og rammesøknad
	<b>Søknad</b>	
1	§ 20-1 a) Nybygg, bustad og hytte	13 820
2	§ 20-1 a) Anneks, tilbygg, påbygg og underbygning, uthus > 70 m <sup>2</sup>	7 990
3	Tillegg per brukseining ved fleire brukseiningar	2 190
4	Gjerde	1 450
5	Næringsbygg	
a.	Bygd areal (jf. norsk standard) inntil 100 m <sup>2</sup>	12 490
b.	Bygd areal (jf. norsk standard) 101 til 200 m <sup>2</sup>	19 390
c.	Bygd areal (jf. norsk standard) 201 til 300 m <sup>2</sup>	23 990

d.	Deretter pr påbegynt 100 m <sup>2</sup>	3 280
e.	I særskild tidkrevjande byggesaker og delingssaker etter plan- og bygningslov kan gebyr reknast etter medgått tid.	Synfaring og Sakshandsaming kr 1150 i timen
f.	Felles for alle byggemeldte og meldingspliktige bygg: Viss det ikkje vert sendt inn måledata for endeleg plassering av bygget saman med ferdigmelding, må tiltakshavar koste slik innmåling etter rekning.	
g.	Purregebyr for søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest	1 660
6	§ 20-1 <b>b)</b> søknadspliktig rehabilitering av eldstad eller pipe	0
7	§ 20-1 <b>b)</b> vesentleg endring eller vesentleg reparasjon eller installasjon	4 490
8	§ 20-1 <b>c)</b> fasadeendringar	4 490
9	§ 20-1 <b>d)</b> bruksendring eller vesentleg utviding	4 490
10	§ 20-1 <b>e)</b> riving av tiltak,	4 490
11	§ 20-1 <b>f)</b> oppføring, endring eller reparasjon	4 490
12	§ 20-1 <b>g)</b> oppdeling eller samanføyning	4 490
13	§ 20-1 <b>h)</b> oppføring av innhegning mot veg	4 490
14	§ 20-1 <b>i)</b> plassering av skilt og reklameinnretingar	4 490
15	§ 20-1 <b>j)</b> plassering av midlertidige bygningar	4 490
16	§ 20-1 <b>k)</b> vesentleg terrenginngrep,	4 490
17	§ 20-1 <b>l)</b> anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass	4 490
18	§ 20-1 <b>m)</b> oppretting av ny grunneigedom (utan dispensasjon) i samsvar med godkjent reguleringsplan	4 490

### 2.3 Fleirtrinns handsaming

19	Per igangsetjingsløyve utover fyrste igangsetjingsløyve eller rammeløyve	2 300
----	--	-------

### 2.4 Tiltak som krev søknad og løyve og som kan bli forvalta av tiltakshavar § 20-2, a,b,c og d

20	Mindre tiltak på bebygd eigendom § 20-4	2 940
21	Mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg som nemnt i § 20-1 fyrste ledd bokstav j) og som ikke skal plasseres for mer enn 2 år	4 430
22	Andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan utførast av tiltakshavar	3 360
23	Driftsbygningar i landbruket § 20-2, b	6 650
24	Driftsbygningar i landbruket § 20-2, b, tilbygg	3 710

### 2.5 Dispensasjon etter pbl. § 19

28	Dispensasjon frå kommuneplan, reguleringsplan, bebyggelsesplan eller forskrifter i plan- og bygningslova der saka må sendast til ekstern uttale	16 980
29	Dispensasjon i saker som ikkje skal til ekstern uttale	5 680

### 2.6 Søknad som utløyer krav om skred/ras/flaumvurdering

30	Dekking av utgift til kartlegging og vurdering av skred-, ras- og/eller flaumfare i område der Ål kommune har innhenta slik utgreiing forskrifter i plan- og bygningslova der saka må sendast til ekstern uttale	5 200
----	--	-------

## 2.7 Gebyrsatsar lov om eigedomsseksjonering Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom

1 til 4 seksjonar	kr 9 170
5 til 10 seksjonar	kr 11 470
11 seksjonar og fleire, tillegg per seksjon	kr 290
Oppheving av seksjonering	kr 5 740

## 3 Plansaker § 12-3

### 3.1 Ei komplett handsaming av planframlegg omfattar

- Planinitiativ etter § 1 i Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven
- Oppstartmøte
- 1. gongs handsaming i planutvalet
- Kunngjering av offentleg ettersyn
- Oversending til ansvarlege styresmakter
- Orientering til grunneigarar og partar
- 2. gongs handsaming i planutvalet og vidare i kommunestyret
- Kunngjering av vedteke plan og oversending til fylkesmannen og fylkeskommunen
- Orientering til grunneigarar og rettshavarar om vedteken plan

Plandata skal leverast på digital form på oppdatert kartgrunnlag. Vektordata skal leverast etter siste SOSI-standard gjeldande på leveringstidspunktet og miljøverndepartementets rettleiar for digitale reguleringsplanar. Presentasjonsdata leverast på PDF-format og som papirkopiar i 10 stykk, eller avtalt antal.

30	Basisgebyr for handsaming av plansaker, detaljregulering § 12-3	56 180
31	Når planframlegget er godkjent i kommunestyre, skal det i tillegg betalast for:	
	a) kvar eining (bustadhus, leilegheiter, fritidshus)	7 480

	b) fotavtrykket for utbygging av forretning og/eller kontorlokale, næringsareal, industri ol.	3.80 per m <sup>2</sup> BYA
	c) planar som ikkje kan utreknast etter tal tomter eller einingar.	10 580
32a	Endring av detaljregulering/reguleringsplan etter § 12-14 første ledd: endringar av detaljregulering/reguleringsplan handsamast som ny plan med gebyr etter punkt 30 og 31.	
32b	Mindre endring av detaljregulering/reguleringsplan som vert gjort delegert etter § 12-14 andre og tredje ledd	5 840
33	Avklaring av rammer som er uavklart i høve til lov, forskrift, overordna plan eller vedtak, jf. delegasjonsreglement for politisk behandling.	13 320
34	Forelegging av planer for formannskap, i samsvar med § 12-8. Er aktuell når reguleringsføremålet er i strid med overordna plan	56 180
35	Utgifter til annonsering av igangsetjing av planarbeidet og utgifter til særlege undersøkingar som er naudsynte for utarbeiding av planen, skal dekkast av tiltakshavar. (T.d. kulturminneregistrering, støyvurdering, undersøking av grunntilhøve med meir)	
38	I tillegg til gebyra over vert det irekna eit tilleggsgebyr dersom plan/planframlegg og/eller føresegnene ikkje er levert i eit slikt digitalt format som det er spesifisert at kommunen ynskjer i oppstartmøtet for å dekke utgiftene med naudsynt retting/konvertering av kartdata.	

### 3.2 Konsekvensutgreiing

39	Når kommunen er godkjenningssmyndig for søkjars konsekvensutgreiing, jf. Kapittel 4 i plan- og bygningslova, vert gebyr betalt etter medgått tid og eventuelle utgifter kommunen har hatt til fagkyndig hjelp. Minstegebyr	6 860
----	--	-------

### 3.3 Avslutning av planforslag

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 månadar etter oppstartsmøtet er halde, blir saka avslutta og nytt oppstartsmøte må haldast før

kunngjering av planoppstart. Tilsvarende gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 1 år etter oppstartsmøtet er halde. Det kjem i tilfelle nytt gebyr.

## **Gebyrregulativ for forvaltningsoppgåver etter Matrikkellova**

Vedteke i Ål kommunestyre 21.1.10 k-sak 06/10. Sist revidert i k-sak 85/21

**Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lova § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som fylgjer**

### ***1 Oppretting av grunneigedom, festegrunn og anleggseigedom***

#### **1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn**

Areal frå 0 til 500 m <sup>2</sup>	kr 9 220
Areal frå 501 til 1000 m <sup>2</sup>	kr 16 170
Areal frå 1001 til 2000 m <sup>2</sup>	kr 23 100
Areal frå 2001 m <sup>2</sup> – auke per påbegynte da.	kr 1 370
Punktfeste – minstegebyr	kr 2 400

For forretning over større samanhengande areal til landbruk, friluftsf- og andre allmennyttige føremål skal det betalast 50%

#### **1.2 Dersom ein deler frå 5 eller fleire parsellar i same forretning I**

slike situasjonar skal ein betale 80% gebyr frå femte parsell.

#### **1.3 Oppretting av grunneigedom over 100 da.**

Ingen merking eller oppmåling – minstegebyr på kr 2 400



#### 1.4 Kontorforretning

Minstegebyr på kr 2 400

#### 1.5 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal per sak	
Areal frå 0 til 500 m <sup>2</sup>	kr 9 220
Areal frå 501 til 1000 m <sup>2</sup>	kr 16 170
Areal frå 1001 til 2000 m <sup>2</sup>	kr 23 100
Samla areal frå 2001 m <sup>2</sup> – auke per påbegynt da.	kr 1 370

#### 1.6 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr for oppretting av grunneigedom	
Volum frå 0 til 2000 m <sup>3</sup>	kr 9 220
Volum frå 2001 m <sup>3</sup> – auke per påbegynte 1000 m <sup>3</sup>	kr 2 050

#### 1.7 Registrering av jordsameige

Gebyr for eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.

Minstegebyr på kr 2 050.

#### 1.8 Tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyr etter medgått tid.

Minstegebyr på kr 1 150

#### 1.9 Avbrot i oppmålingsforretninga eller matrikuleringa

Ein skal bruke 1/3 av gebyrsatsane etter punkt 1, dersom saka blir trekt før ho er gjort ferdig, eller at saka blir avvist, eller at ein ikkje kan matrikkelføre ho på grunn av endringar i heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan gjere ho ferdig.

## **2 Grensejustering**

### **2.1 Grunneigedom, fest grunn og jordsameige**

Ved grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5% av den minste eigedomen sitt areal. Maksimalgrensa er satt til 500 m<sup>2</sup>.

For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0 til 250 m <sup>2</sup>	kr 6 020
Areal frå 251 til 500 m <sup>2</sup>	kr 9 220

### **2.2 Anleggseigedom**

For anleggeigedom kan volumet justerast med inntil 5% av anleggseigedomen sitt volum. Den maksimale grensa er satt til 1000 m<sup>3</sup>.

Volum frå 0 til 250 m <sup>3</sup>	kr 6 020
Volum frå 250 til 1000 m <sup>3</sup>	kr 9 220

## **3 Arealoverføring**

### **3.1 Grunneigedom, fest grunn og jordsameige**

Ved arealoverføring skal ein gjennomføre oppmålingsforretning og tinglysing.

Arealoverføring utløysar dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

Areal frå 0 til 500 m <sup>2</sup>	kr 9 220
Areal frå 501 til 1000 m <sup>2</sup>	kr 16 170
Areal frå 1001 til 2000 m <sup>2</sup>	kr 23 100
Areal frå 2001 m <sup>2</sup> – auke per påbegynte da.	kr 1 370

### 3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades.

Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum m<sup>3</sup>.

Volum frå 0 til 500 m <sup>3</sup>	kr 9 220
Volum frå 501 til 1000 m <sup>3</sup>	kr 16 170
Volum frå 1001 til 2000 m <sup>3</sup>	kr 23 100
Volum frå 2001 m <sup>3</sup> – auke per påbegynte da.	kr 1 370

### 4 Grensepåvising

#### 4.1 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkter	kr 3 000
For overskytande grensepunkt, per punkt	kr 920

#### 4.2 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar

For inntil 2 punkter	kr 5 950
For overskytande grensepunkt, per punkt	kr 2 080
Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid	kr 1 160

### 5 Privat grenseavtale

Gebyr vert fastsett etter medgått tid, og minstesats er på kr 1 150

## ***6 Timepris for medgått tid***

Timepris for medgått tid blir rekna etter fylgjande satsar

Kontorarbeid og feltarbeid	kr 1 150
----------------------------	----------

## ***7 Urimeleg gebyr***

Dersom gebyret openbart er urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit passende gebyr. Fullmaktshavaren kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeve søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

## ***8 Betalingstidspunkt***

Kommunen vedtek at gebyret kan krevjast inn forskotsvis.

## ***9 Forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken***

Dersom rekvirenten i løpet av saka gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert gebyret oppretthalde.

## ***10 Tidsfrist for gjennomføring av saker***

Dersom kommunen ikkje helt fristen for oppmålingsforretning eller matrikkelføring, skal gebyret avkortast etter reglene i §§ 18 og 19 i forskrift om eigedomsregistrering.

Avkorting av gebyr gjeld ikkje for utskriving av matrikkelbrev, jf. fjerde ledd.

Dersom kommunen krev forskotsbetaling, skal avkorta gebyr tilbakebetalast så snart fristen er utgått. Fristane gjeld ikkje i perioden 15. oktober til 15. mai i Ål kommune.

## ***11 Betalingsvilkår***

Betaling skjer etter det regulativ som gjeld på rekvisisjonstidspunktet, det vil si den dato søknaden er registrert inn hos Ål kommune eller 4 veker etter på delingssaka.

Dersom den som rekvirerer ynskjer å utsetje oppmålingsforretninga, vert gebyr rekna etter satsane det året oppmålinga blir gjort.

Gebyrsatsane inkluderer bilgodtgjersle og administrasjonsutgifter.

Tinglysningsgebyr etter gjeldande sats blir lagt til gebyret (per 31.08.2022 er det kr 540/585)

Meirverdiavgift vert ikkje rekna ved innkrevjinga av gebyra, jf. skattedirektørens rundskriv av 06.03.1970 fil skatteinspektørane.

## **Eigedomsopplysningar (Eigedomsmeklarlova)**

Gebyrsats for innhenting av eigedomsopplysningar – ubygd tomt (per gards- og bruksnummer)	kr 2 840
Tillegg per gards- og bruksnummer (gjeld ikkje matrikulerte retter, til dømes fiskerett)	kr 2 080
Gebyrsats for innhenting av eigedomsopplysningar – bebygd tomt (per gards- og bruksnummer)	kr 3 460

## **Kart til plan- prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid**

Salspris skal vere i samsvar med gjeldande avtale inngått med Statens Kartverk med fleire (Geovekst-avtala)

I tillegg kjem 25% MVA.

## **Gebysatsar for avløpsanlegg**

Gebyra dekkjer handsaming av løyve etter «Forskrift om begrensning av forurensing», handsaming etter eventuelle lokale forskrifter og handsaming av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova. Gebyra dekkjer kontrolltiltak og tilsyn for å sikre at forskriftene, eller vedtak i medhald av forskriftene, vert helde. Tilsynet dekkjer vidare nødvendige synfaring under handsaming av slike saker.

Gebyra dekkjer eit-steps løyve etter plan- og bygningslova, men ikkje tilsyn med drift av slike anlegg

a)	Timepris kontor	kr 1 150
b)	Timepris felt	kr 1 150
c)	Tilsyn av små avløpsanlegg, kapittel 12	pris årleg gebyr kr 500
d)	Tilsyn av større private avløpsanlegg, kapittel 13	fakturert etter medgått tid
e)	Tilsyn oljeutskillere, kapittel 15	fakturert etter medgått tid
f)	Saksbehandling VA-plan	fakturert etter medgått tid
g)	Saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad, kapittel 12	kr 8 500
h)	Saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad, kapittel 13	fakturert etter medgått tid

Gebyra under punkt 2 dekkjer ikkje kostnader ved annonsering av slike anlegg. Slike kostnader må tiltakshavar sjølv dekkje.

## **Gjeld generelt for alle fagområder på Utviklingsavdelinga**

*Timepris for medgått tid utover det som er vanleg for sakshandsaming for tilsvarende saker*

**Timepris for medgått tid blir rekna etter fylgjande satsar**

Feltarbeid	kr 1 150
------------	----------